

Mange uskedelinger i strålande festival

01.06.2008



Line-dance var eit populært innslag også i år. Fremst frå venstre Berit Harriet Døssland, Rigmor Rasmussen og Mona Rasmussen. (Foto: Thor Inge Døssland)

Rosendal Musikkfestival har vore eit strålande arrangement. Mange uskedelinger og personar med tilknytning til Uskedalen har vore involvert i dette kvalitetsarrangementet som gjekk for 30. gong i år.



Bjørn Naterstad og dei andre i Rosendal Musikklag var sentrale under folkefesten. (Foto: Thor Inge Døssland)

Opningskonserten var fantastisk – med Brazz Bros - og dei andre kvalitetsarrangementa på fredagskvelden kunne også melda om fullsette salar.

Lørdag vart dette fulgt opp med ein fin folkefest i Skålagato og nye arrangement av høg kvalitet.

Her er nokre "Uskedal-poengar" frå det rikhaldige programmet:



Atle Fredheim imponerte under festivalen. (Foto: Thor Inge Døssland)

- Line-dance er eit årvisst og populært innslag under folkefesten og her gjorde Uskedalen seg sterkt gjeldande. Dancing Divas stod for flott underhaldning også i år.
- Skulemusikkdirigent Anders Christensen (ess-kornett) spela saman med Rosendal Musikklag.
- Vegard Døssland (kornett) spela opningsfanfaren saman med Liv Signe B. Ulvestadbakken, Inghild F. Helleland og Tor Skeie Olsen (alle kornett) og Lars Storegjerde (pauker). Fanfaren var spesialskriven av tidlegare skulemusikkdirigent i Uskedalen L.S.B. Ulvestadbakken.
- Gjermund Fredheim var ein av dei åtte under festivalkonserten.
- Atle Fredheim, oppvaksen i Uskedalen og med grunnopplæringa i musikk herfra, imponerte både då han song med Rosendal Musikklag og med Torstein Hatlevik under gateshowet. Han deltok også i konserten på Snikkeriet lørdag ettermiddag.

- Vegard Døssland (gitar/vokal), Sondre Enes (gitar), Knut G. Sæbø (trommer) og Biger Bauge (elbass) stod for rockemusikken under gatefesten. Dei overraska i det ferske rockebandet og fekk gode og mange tilbakemeldingar.
- Bjørn Naterstad og resten av Rosendal Musikklag var sentrale i det varierte og innhaldsrike programmet under folkefesten i Skålagato. Ellers la vi merke til korpsets altnuligmann, uskedelingen Gunvald Friheim, som denne gongen trakterte stortroma.



Skulemusikkdirigent Anders Christensen spela saman med Rosendal Musikklag. (Foto: Thor Inge Døsland)



I det ferske rockebandet spela (frå venstre) Vegard Døsland, Sondre Enes og Knut G. Sæbø saman med Birger Bauge. (Foto: Thor Inge Døsland)